



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Kva refleksjonar har eit utval
barnehagetilsette om barn sin medverknad?

What reflections do the kindergarten staff have on
children`s participation?

Kandidatnummer: 465

BLUBACH 2019/2020

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett
Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Barnehagelærerutdanning

Veileder: Åsta Birkeland

Innleveringsdato: 02.06.20

Antall ord: 8712

Jeg bekrefter at arbeidet er selvstendig utarbeidet, og at referanser/kildehenvisninger til alle kilder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Samandrag

I bacheloroppgåva mi har eg valt å skrive om barn sin medverknad. Eg ynskjer å forankre medverknad som omgrep og har valt følgande problemstilling: «Kva refleksjonar har eit utval barnehagetilsette om barn sin medverknad?».

Omgrepet medverknad vart implementert i rammeplanen i 2006 og det har i ettertid komme retningslinjer for arbeidet om barn sin medverknad i barnehagekvardagen. Det er personalet i barnehagen som skal sjå til at barna får medverke i kvardagen, og det er vidare barnehagelæraren sitt ansvar at dette blir gjennomført. Oppgåva bygger på ei personalgruppe og deira refleksjonar på barns medverknad.

Gjennom studiet har eg brukt ulike teoretiske perspektiv for å svare på problemstillinga om barns medverknad. Dei mest brukt teoretikarane er; Bae, Jansen, Bjerke, Larsen, Eide, Kristoffersen og Winger. Teoriane vil bli brukt for å finne ut meir om barn sin medverknad, men også opp mot min empiri frå forskingsperioden. I bacheloroppgåva har eg brukt kvalitativ forskingsmetode i form av kvalitativt intervju. Det er fire tilsette i same barnehage som danna grunnlaget for empirien. Resultatet viser at intervjupersonane har ganske likt syn på kva barns medverknad som omgrep er. Det kom også fram under intervjuet der fleire fortalte at temaet barn sin medverknad har vore i fokus på fleire planleggingsdagar. Funna mine tyder også på at personalet syns det er vanskeleg å arbeide med temaet, og at ein framleis må ha forståinga av at medverknad som omgrep er forskjellig frå tilsett til tilsett og kan utførast ulikt i barnehagar.

Summary

In my bachelor thesis, I have chosen to write about children's participation in the kindergarten. I wish to anchor participation as an own term and have therefore chosen the following problem: "What reflections does a selection of kindergarten staff have about children's involvement?".

The concept of participation was introduced in the framework plan in 2006 and guidelines have been drawn up for the work on participation in kindergarten. It is the employees who work there who are responsible for the children being involved in the day, and it is the kindergarten teacher's responsibility that this is fulfilled. I have chosen to focus on the different employees in one staff group and their reflections on children's involvement.

Throughout the study, I have used different theoretical perspectives to answer the problem of children's involvement. I have used theory from Bae, Jansen, Bjerke, Larsen, Eide, Kristoffersen and Winger. These theories will be used to find out more about children's participation, but also to my empiricism from the research period. In this bachelor thesis I have used qualitative research method in the form of qualitative interview. There are four different employees in the same kindergarten that set the basis for the empiricism. It was stated here that the interviewees had a fairly similar view of children's participation. Other finds also suggests that they come from a kindergarten that really works with children's participation, but that the understanding of children's involvement is still different from person to person and can be carried out differently in various kindergartens.

Innholdsliste

1.0 Innleiing	4
2.0 Barns medverknad i rammeverket for barnehagen og i litteratur	6
2.1 Barnehagens rammeverk	6
2.2 Barns medverknad som omgrep.....	7
2.3 Medverknad og medraderett	8
2.4 Medverknad og demokrati	9
2.5 Medverknad og vaksenrolla	10
3.0 Metode	12
3.1 Kvalitativ og kvantitativ metode	12
3.2 Val av metode.....	12
3.3 Intervju	12
3.4 Val av informantar	13
3.5 Truverde, overføringsevner og feil kjelder.....	14
3.6 Etske omsyn.....	15
4.0 Empiri	15
4.1 Medverknad som ytring	16
4.2 Medverknad som deltaking og demokrati.....	16
4.3 Barn sin rett til medverknad og medraderett.....	17
4.4 Vaksne sitt ansvar for barns medverknad i barnehagen	18
5.0 Drøfting	20
Kjeldeliste	27
Vedlegg 1- Intervjuguide	29
Vedlegg 2- Informasjonsskriv	30

1.0 Innleiing

Medverknad er eit omgrep som norske barnehagar har hatt stort fokus på dei 10 til 15 siste åra. Dette skuldast Norge si ratifisering av FN sin barnekonvensjon om Barns rettar og Barnehagelova si lovfesting av barns medverknad. I rammeplan for barnehagen finn ein kapittel om innhald og arbeidsmåtar, og der står det mellom anna slik: *Barnehagen skal være bevisst på barnas ulike uttrykksformer og tilrettelegge for medvirkning på måter som er tilpasset barns alder, erfaring, individuelle forutsetninger og behov* (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 21).

Det handlar om at vi som personale har ansvaret for å tolke barna sin rett i ulike situasjonar, og hjelpe dei til å uttrykke seg. Personalet skal møte det enkelte individ sitt behov for omsorg og tryggleik, samt syte for at barna har tilhøring og gje erkjenning. Personalet skal også sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, som er viktige verdiar som skal speglast i barnehage. Alt dette står i barnehagen sitt verdigrunnlag, det vil sei kva barnehagen skal legge vekt på. Gjennom denne utdanninga har eg lært mykje, men det er framleis nokre ting som har vist seg å vere vanskeleg. I praksis opplevde eg at barn sin medverknad vart praktisert og forstått veldig ulikt. Til tross for at det er lovfesta blir det tolka veldig forskjellig frå barnehage til barnehage, men også mellom personar. Barn er avhengig av dyktige vaksne som har kunnskap om alt barnehagen skal innehalde. Eg ynskjer i denne bacheloroppgåva å belyse barn sin rett til medverknad og korleis dei tilsette reflektera over medverknad.

I studiet har eg valt ei fordjuping som heiter Kulturforståing og komparativ pedagogikk. Med fordjupinga følgde det ein obligatorisk studietur til Kina der vi skulle oppleve og lære om kulturen, historia og ikkje minst få eit innblikk i den kinesiske barnehagen. I Kina erfarte eg at det er uendeleg mange måtar å drive ein barnehage då kulturen og historia formar oss som menneskje. Praksisbarnehagane der var svært opptekne av at barna skulle ta del i alle aktivitetar med sine meiningar og sine uttrykk i alle aktivitetar. Opphaldet inspirerte meg til å undersøke andre metodar for medverknad som eg kunne ta med meg vidare i min praksis som barnehagelærer. Det førte til mange gode samtalar med personalet og eit samarbeid for barn sin rett til medverknad i barnehagen på tvers av ulike kulturar.

Ut frå egne erfaringar gjennom studiet, og praksisperiodane i Norge og Kina, har eg komme fram til problemstillinga som eg ynskjer å skrive bacheloroppgåva mi ut frå:

«Kva refleksjonar har eit utval barnehagetilsette om barn sin medverknad?»

Eg er oppteken av at medverknad er eit omgrep som kan tolkast ulikt. Formålet med studien er å tydeleggjere barn sin medverknad. Vidare i denne oppgåva vil eg ta for meg ulik teori knytt til barns medverknad. Eg vil så forklare kva metodar som er brukt i studiet. Deretter skal eg presentere empirien min og drøfte desse opp mot teori og mine egne erfaringar. Til slutt skal eg legg fram ei avslutting for forskingsprosjektet.

2.0 Barns medverknad i rammeverket for barnehagen og i litteratur

I dette kapittelet vil eg leggje fram barn sin medverknad med omsyn til barnehagen sine styringsdokument, og sjå på det i lys av medråderett, demokrati og vaksenrolla.

2.1 Barnehagens rammeverk

FNs barnekonvensjon blei nedfelt i norske lover i 2003, og i 2006 blei barnehageloven revidert. På dette tidspunkt vart omgrepet medverknad nedfelt som ei rettighet for barn. For å kunne forstå barn sin medverknad kan ein sjå i styringsdokumenta til barnehagen. Styringsdokument gjev oss avklaring på kva barn sin medverknad er, og at alle barn har rett til medverknad i barnehagen. Dette skal pedagogane og personalet elles kvalitetssikre. Styringsdokumenta består av lover og retningslinjer som barnehagen må følgje. Det gjer til at barnehagepersonale må ha kunnskap om barnehagen sine styringsdokument for å kunne forstå kva rettar barn har, og då retten til medverknad i barnehagen. FNs barnekonvensjon og Barnehagelova er spesielt forankra til barnehagane, men også generelt i samfunnet.

«§ 3. Barns rett til medvirkning

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet (Barnehageloven, 2006)».

Vidare er rammeplanen for barnehagen ei forskrift av lova. I rammeplanen står det at barnehagen skal fremje demokrati og eit inkluderande fellesskap der alle får anledning til å ytre seg, bli høyrte og delta. I barnehagen skal alle barn oppleve demokrati ved å medverke til kva barnehagen skal innehalde. Dette skal vere uavhengig av barn sine kommunikasjonsevne og språklege ferdigheiter (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11). Rammeplanen seier også noko om kva som står om barn sin rett til medverknad. Den fortel kvar i Barnehageloven, Grunnloven og FNs Barnekonvensjon du kan lese meir om barn sin rett til medverknad, men også kort om korleis barnehagen skal arbeide med dette i praksis.

Rammeplanen seier at barnehagen skal legge til rette for barn sin medverknad ut frå alder, behov og føresetnad, slik som barnehagelova. Barn skal også få jamleg moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd. Alle barn i barnehagen skal

oppleve å ha innflytelse på det som skjer i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 21). Rammeplanen inneheld ikkje dømer på barn sin medverknad i barnehagen, eller på kva måte barna kan medverke i barnehagekvardagen. Har ein dømer frå praksis er det enklare for personalet å forstå omgrepet og implementere dette inn i barnehagen.

2.2 Barns medverknad som omgrep

Barn sin medverknad er samansett av «barn» og «medverknad». Delar vi opp ordet medverknad kan den fyste stavinga *med* sei til at ein er *saman med* nokon andre, altså i eit *felleskap*. Legg ein til *verknadsaspektet* kan ordet tolkast som å gjere noko saman, som fører til noko. «At man er med å påvirke at noe skjer, kjenner man at egen deltagelse bidrar til endring (Bae, Eide, Winger, & Kristoffersen, 2006, s. 8)». Ein måte å forstå omgrepet barn sin rett til medverknad, er at kvart barn har rett til å erfare å bli tatt på alvor, samt å ha innverknad på fellesskapet. Medverknad er at barna skal ha rett til å påverke i barnehagen og samfunnet. Barna skal altså ha noko å sei for sin eigen kvardag. Det er mange ulike nyansar av ordet, men alle peikar på ei form av deltaking.

For betre å forstå medverknad som omgrep kan ein sjå på Jansen (2019) som delar det opp i tre ulike kategoriar. Ho delar det opp som ytring, deltaking og som demokrati. Når ein snakkar om barn sin medverknad som ytring kan ein sjå på det som at barna prøver å utrykke noko. Desse måtane å ytre seg på er ikkje berre språklege, men også kroppslege. Døme er å peike, blikk som barna gjev, lydar og ord, men også med kroppslege posisjonar. Tilsette må ha evne til å sjå og vere merksam på signal og forstå dei som ytringar. Dersom dette ikkje skjer får ikkje barna moglegheit for å vere deltakande (Jansen, 2019, s. 43).

Det å bli sett og høyrte er viktig for at barnet skal få eit verdifullt sjølvbilete slik at dei kan vere aktive deltakarar i fellesskapet. Gjennom å aktivt lytte kan ein betre forstå og møte barna sine uttrykk. Det er viktig for å kunne gje respons til barnet om det dei ytrar, då vil barna få innflytelse i kvardagen (Jansen, 2019, s. 43). Det sentrale i retten til medverknad er at barna får delta. Når barna deltek saman med personalet og andre barn, vil det du gjer eller seier få ein betyding for det som skjer rundt deg. Ein skal ikkje gjere det for egosentriske grunnar, men for å oppleve at deltaking kan bidra til at noko endrar seg, og utviklast saman med

andre. «Slik kan medvirkning forstått som deltakelse og påvirkning også handle om å være inkludert i barnehagens fellesskap og hverdagsliv som fullverdige samarbeidspartnere (Jansen, 2019, s. 50)».

Jansen (2019) skriv så om barn sin medverknad som demokrati. Medverknad som demokrati er ein samansetnad av medverknad som ytring og medverknad som deltaking. Medverknad blir sett på som ein demokratisk rett som gjev barn moglegheit til å delta og ha innflytelse på livet i barnehagen. Barnehagen skal vere ein demokratisk praksis, og dei får til dette ved å lære barna om kva det vil sei å vere ein deltakar og saman med dei vaksne skape eit fellesskap der alle har rett til å ytre seg, bli høyrte og delta (Jansen, 2019, s. 50).

2.3 Medverknad og medråderett

Østrem (2012) skriv at det er store ulikskapar i kva barnehagepersonalet legg i omgrepet medverknad. Orda medverknad og medråderett er noko som ofte blir slått saman og sett på som like, men det er ikkje det same. Ein måte å forstå medråderett på er at det handlar om å delta i avgjersler, vere med å bestemme kva som skal skje og korleis ein skal gjere det (Bae, Eide, Winger, & Kristoffersen, 2006, s. 8). Eit døme er at barna får velje ein aktivitet, av eit utval aktivitetar, i leik ute.

I barnehagen er det særleg viktig at barna blir høyrte, har ytringsfridom og tankefridom. I tilfelle der barna får ta del i utvalte saker som dei vaksne bestemmer, vil ikkje medverknadsomgrepet bli dekkja fullt ut. Shibbye skriv at alle barn har ei subjektiv oppleving, og når den blir fråteken kan barnet oppleve at dei ikkje har evne eller rett til å ha sitt eige syn på ulike faktorar som skjer i barnehagen. Det kvile eit ansvar på den vaksne for å ta barn på alvor som meiningsbærande og kunnskapsrike, samt å rettferdiggjere meiniane i form av deira eiga opplevingsverd (Svenning, 2009, s. 47). Eit døme kan vere barnemøter. På barnemøter tar personalet med barn på heile planlegginga av aktiviteten utan å bestemme nokre utval fyst. Jansen (2013) seier at barnet si moglegheit for å ta val og bestemme sjølv skal finnast i barnehagen, men at det ikkje må bli forstått som medverknad. Vidare seier ho at barn sine val må ikkje bli sett på som medverknad då medverknadsomgrepet kan bli redusert til barnet sitt val og sjølvrealisering (Jansen, 2013, s. 29).

Medråderett er når personalet gjev barna nokre valalternativ i form av aktivitetar, rom og mat. Barna får sjølv velje kva dei vil ut i frå vala ein gjev dei. Barnehagepersonalet sit med andre ord premissane for kva situasjon barn sin meining skal vektleggast, og fungera då som premissleverandørar for måtar barna sine preferansar og ynskjer skal få komme til syne på (Franck & Glaser, 2014, s. 307).

Valfriheit og sjølvråderett er sentrale delar i barnehagekvardagen, men barn sin rett til medverknad er mykje meir. Medverknad handlar om deltaking i eit fellesskap der alle blir lytta til, arbeide saman og blir anerkjent (Franck & Glaser, 2014, s. 308). Medråderett er då ein del av verknaden, men det er ikkje det same som medverknad. Det er feil å sei at eit barn som berre får nokre val eller bestemme sjølv har medverknad. Då har personalet avgrensa så pass mykje at dei tar medverknad frå barnet. I barnehagen er det viktig at barn har medråderett, men det er også viktig for barna å lære at dei er ein del av eit fellesskap der andre også har ynskje om å medverke og at deira ynskje ikkje alltid kan bli realitet.

2.4 Medverknad og demokrati

Å *ha* rett til medverknad er ikkje det same som å *få* rett til medverknad. Sagt på ein anna måte; *Retten* til medverknad som er formulert i lovverket, betyr ikkje at den automatisk blir *realisert* (...) (Jansen, 2019, s. 36).

Demokratiet former oss til den vi er i dag. Når ein tenkjer seg om er demokrati ganske likt medverknad. Det omhandlar barn sin rett til å uttrykke seg om sakar som omhandlar dei, og er lovfesta og implementert i Norges lover frå FN's barnekonvensjon (1989). Barnehagen er ikkje automatisk ein demokratisk plass der alle barn blir møtt, men kritiske spørsmål og refleksjon skal derimot bidra til å utvikle barnehagen som ein del av eit demokratisk samfunn (Larsen, 2009, s. 59). Larsen skriv vidare at deltaking, engasjement og fellesskap vil i denne samanheng vere vesentlege omgrep som hjelper oss til å sjå barnehagen som ein demokratisk arena i eit vidare perspektiv, utover demokrati som fleirtal, likheit og einigheit. Ein kan altså knytte demokrati til aktiv deltaking og kvalitet i barnehagen. På bakgrunn av dette kan ikkje barn sin medverknad avgrensast til ein aktivitet som skjer i nokre situasjonar eller på visse tidspunkt i veka, eller berre for å innhente barn sine synspunkt (Bae, Eide, Winger, & Kristoffersen, 2006, s. 13). Ei tolking av barn sin medverknad inneber at

barnehagebarn vel seg bort frå fellesskapssituasjonar. Eit døme er at barnet ete når det vil, i staden for å ete i fellesskap når tida er der. Personalet har ansvar ovanfor heile barnehagen som fellesskap, og då kan ikkje alltid barnet sjølv bestemme til kva tid dei vil gjere ulike ting. Fellesskapet held heile ideologien om eit demokrati, og derfor kan ikkje barn alltid få viljen sin, men må lære at det finst ulike reglar og normer å halde seg til i barnehagen og samfunnet generelt.

Barn har rett til å utvikle evner til å tenkje og handle som demokratisk orienterte individ. Dette lærer barna gjennom praktiske aktivitetar og erfaring. Når barn får ein sterkare posisjon får dei også større moglegheit for å lære grunnleggande prinsipp som medborgar (Bae, Eide, Winger, & Kristoffersen, 2006, s. 38). Barnehage er eit komplekst sosialt system, slik som samfunnet elles. Barna har ulike erfaringar, haldningar og kulturelle referanserammer, og saman skal personalet finne ein felles standard for samhandling som personalet kan vere einige om. Føresetnadar for dette er utfordringar som å vere fleksibel, sjenerøs og å vere open for andre sine forståingsmåtar (Bae, Eide, Winger, & Kristoffersen, 2006, s. 38).

2.5 Medverknad og vaksenrolla

Dei vaksne har ei viktig rolle med tanke på å gje rom for barn sin rett til medverknad. Når vaksne ser på barn som mangelfulle og nokon som må ha hjelpast fram og lærast folkeskikk vil det påverke personalet sin relasjon til barnet. Ser ein derimot på barn som kompetente, aktive deltakarar i sitt eige liv, vil det føre til ein heilt annan relasjon og vil invitere til ein anna type deltaking for barn (Larsen, 2009, s. 60). Vaksne sin relasjon til barna kan vere med å utvikle gode ressursar for framtida og i barnehagen. Barnehagepersonalet har eit ansvar for å gjere etiske drøftingar og refleksjonar retta mot relasjonar, veremåte og korleis ein sjølv er som fagperson i relasjon med barn.

Når vaksne legg merke til og samspelar med barn sine ulike uttrykksformer, er moglegheita for å ivareta barn sin rettighet som deltakande subjekt til stades (Bae, Eide, Winger, & Kristoffersen, 2006, s. 32). Barn si moglegheit til medverknad vil alltid henge saman med vaksne sin førestilling om barn og barndom, samt også vere avhengig av tid, kultur og tradisjon. Det er derfor viktig at barnehagepersonalet har same oppfatning om korleis det er

å vere eit barn og korleis eit vakse menneske skal forholde seg til barn. Det er mange etiske dilemma i samband med dette, og ein kan ikkje alltid vite kva som er rett å gjere. Men ein kan tenkje seg til at det er ein balansegang mellom å være ansvarleg vaksen og samtidig våge å gje slepp på kontroll, struktur og predikasjon (Bae, Eide, Winger, & Kristoffersen, 2006, s. 30). Det er viktig at vaksne er opne for barn sin medverknad, og at personalet gir barna merksemd, er rause, støttande og oppmuntrande. Når ein vaksen er interessert med heile seg, lyttar aktivt og prøver å forstå barna sine ulike uttrykksmåtar, kjenner barnet seg meir respektert og verdifullt. Derimot kan vaksne som opplevast passive frata barn verdifull rettleiing knytt til moralske-, etiske og verdispørsmål i barnehagen. Dette kan føre til at medverknaden til barna blir minimert, og barnet får ikkje uttrykke seg då barnet ikkje får ein relasjon med den vaksne (Dingstad, 2018, s. 112).

Allereie i 1996 var det skrive i den første rammeplanen at barn skulle få delta i delar av barnehagens planlegging (Søbstad, 2008, s. 31). Søbstad diskutera her kva barn sin medverknad vil sei for barnehagen sin eigenverdi. Han meiner at barn bør bli tatt på alvor, men at ein må ha visse køyrereglar i dei ulike situasjonane. «Generelt tror jeg at vi ville få en god og spennende barnehage dersom barn bestemte alt (..) Jeg tror på en balanse mellom samfunnet, foreldrene, de ansatte og barna. Alle har sitt å si i forhold til hva som skal prege barnehagens hverdag (Søbstad, 2008, s. 32)». Her ser vi at vaksenrolla har endra seg i takt med barns medverknad, men fortsatt strevar personalet med korleis ein skal forholde seg til rammeplanen då det ikkje er veldig godt forklart kva barn sin medverknad er.

3.0 Metode

Metode er den systematiske framgangsmåten som ein nyttar for å finne informasjon og kunnskap for å sette lys på problemstillinga. Vidare i metodedelen vil eg forklare kva metode er brukte, korleis eg intervjuar- og valte intervjupersonane, feilkjelder som kan oppstå og til slutt vil eg skrive om etiske omsyn ein må ta når ein forskar.

3.1 Kvalitativ og kvantitativ metode

Det er to ulike måtar å forske på i følgje Dalland. Han skriv at den kvantitative metoden har den fordelen at den gir data i form av målbare einingar (Dalland, 2012, s. 112). Denne metoden blir brukt når forskaren vil ha god oversikt over noko i form av mengde, som til dømes kan være kor mange barn i barnehagen som er frå Kina. Den kvalitative metoden blir brukt når ein skal forstå noko som ikkje kan teljast eller målast, men heller opplevast og diskutert. Eit døme på dette kan vere mitt studie der eg vil få betre forståing på personalet sin refleksjon av barn sin medverknad ved hjelp av intervju. Både kvalitativt og kvantitativt orienterte metodar bidreg på kvar sin måte til en betre forståing av det samfunnet vi lever i, og korleis einskild menneskjer, grupper og institusjonar handlar og samhandlar (Dalland, 2012, s. 112).

3.2 Val av metode

Problemstillinga mi er «Kva refleksjonar har eit utval barnehagetilsette om barn sin medverknad?». Eg valte å bruke kvalitativt intervju som metode då eg trur denne metoden er best for at eg kan samle ord og setningar. Kjenneteiknet ved intervju er at en person, intervjuaren, stiller spørsmål til en person, intervjupersonen, som svarer på spørsmåla til intervjuaren (Løkken & Søbstad, 2013, s. 104).

3.3 Intervju

Då eg skulle starte med intervjuar kom det restriksjonar grunna Covid-19 viruset. Nokre av intervjuar vart derfor gjort via telefon og videokonferanse. I det kvalitative forskingsintervjuet er formålet å få tak i intervjupersonen sine egne skildringar av den livssituasjon han eller ho er i, skriv Dalland. «Det er presisjonen i beskrivelsene og fortolkningen av hva innholdet betyr som er det kvalitative intervjuets styrke (Dalland, 2012, s. 156)». Det er derfor viktig at

intervjuaren er nøye med kva som blir sagt slik at ein får med seg hovudbodskapen i det intervjupersonen fortel.

Før sjølve intervjuet laga eg ein intervjuguide (vedlegg 1). Ein intervjuguide inneheld ei liste med spørsmål eller tema som ein ynskjer å ta opp i intervjuet for å sette lyst på problemstillinga. Det gjev også samtalen rammer, samstundes som ein fritt kan stille oppfølging spørsmål, eller be om å gjentakning dersom ein ikkje skjønnte bodskapen med det intervjupersonen svarar (Løkken & Søbstad, 2013, s. 108). Eg sendte intervjuguiden på førehand til dei eg skulle intervju slik at dei kunne forberede seg på kva som ville vere temaet.

For å få dei gode svara må intervjuaren vise intervjupersonen ekte interesse (Løkken & Søbstad, 2013, s. 114). Det å intervju handlar om å ha ein grunnleggande haldning prega av respekt. Då er det viktig at intervjuaren viser med kroppsspråket at ein er interessert i det intervjupersonen seier, gjerne med eit nikk eller smil. Eg utarbeida spørsmål som begynte med kva og korleis. Med opne spørsmål kan intervjupersonen dele kunnskapen i form av erfaringar og eigen synspunkt (Løkken & Søbstad, 2013, s. 108).

Gjennomføringa av intervju var mykje annleis enn eg trudde. Eg fekk, i lag med intervjupersonane, ein god samtale der ein kunne drøfte og diskutere barn sin rett til medverknad på eit djupare nivå enn kva eg hadde sett for meg. Det var vanskeleg å skrive samstundes å høyre kva dei ville fortelle, men til slutt fekk intervjupersonane moglegheit til høyre svara sine ved at eg leste opp kva dei hadde svara. Dette gav intervjupersonane moglegheita til å reflektere ovanfor svara sine og legge til dersom noko mangla.

3.4 Val av informantar

Ved val av informantar trengte eg folk med ulik utdanningsbakgrunn. Dalland skriv at ein vel personar som ein meina har bestemte kunnskarar og erfaringar, og at vi gjere eit val som kan gje fordelar i innsamlinga av empirien (Dalland, 2017, s. 74). Intervjupersonar kan ein også finne gjennom kjennskap, og det var dette eg måtte gjere til slutt. Covid-19 gjorde praksisopphaldet ei veke mindre enn planlagt, og vart difor brått avslutta. Eg valte då fire

tilsette i ein barnehage eg har kjennskap til. Dette blei til slutt to pedagogar og to fagarbeidarar.

Det kan vere både fordelar og ulemper med å velje personar du kjenner som intervjuobjekt. Kjenner ein intervjupersonen kan ein lettare bli distraherert i løpet av samtalen. Mi vurdering etter å ha intervjuet personar som eg kjenner til, er at det gjekk fint. Begge partar følte seg sikre og det blei gode samtalar. Ein fordel er at ein ikkje treng å bruke tid på å bli kjent med kvarandre.

3.5 Truverde, overføringsevner og feil kjelder

Innanfor kvalitativ forskning brukast orda truverde og overføringsevner om evalueringa av det metodiske arbeidet (Bergsland & Jærger, 2014, s. 80). Spørsmålet om truverde vil seie om forskinga blir gjort på tillitsfull måte og korleis datamaterialet blir analysert og tolka (Bergsland & Jærger, 2014, s. 80). Overføringsevner vil bety i kva grad eg har greidd å overføre studiet til rike beskrivingar om det eg har tatt til meg av informasjon frå intervjupersonane. «Det kan også bety å løfte fram en praksis og presentere en forskningstekst som kan fungere som et tankeredskap for andre barnehager og bidra til en prosess der ens egen og barnehages praksis vurderes med den målsetting å kunne forbedre praksisen i neste omgang (Bergsland & Jærger, 2014, s. 81)». Feilkjelder kan også påverke oppgåva. Feilkjelder kan til dømes vere korleis spørsmåla til oppgåva blei tolka av intervjupersonen og korleis intervjuaren tolka svara til intervjupersonen.

Nokre feilkjelder som kan ha påverka oppgåva mi er faktumet at eg kjenner intervjupersonane personleg, og at eg valte alle intervjupersonane frå same barnehagen. Samstundes ville eg kanskje ikkje fått dette til utan dei, grunna Covid-19. Sidan eg ikkje har erfaring med intervju frå tidlegare kan dette også vere ei «feilkjelde». Med meir erfaring ville eg kanskje stilt andre spørsmål, og meir øving med å intervjuet andre kunne ein fått ein betre flyt i spørsmåla.

3.6 Etske omsyn

Etter planen skulle eg intervjuje tilsette i barnehagen eg hadde praksis i denne våren. Eg ga ut informasjonsskriv (vedlegg2) der eg informerte om kva eg skulle forske på, kven eg er og korleis eg tenkte å gå fram i forskingsprosessen. Eg informerte også om at eg hadde teieplikt og plikt til å halde intervjupersonane anonyme, visst dei samtykka. Dette blei ikkje tid til sidan praksisen blei korta ned, grunna Covid-19. I staden sendte eg den same informasjonen til intervjupersonane.

I undersøkinga er det viktig at ein tar etiske omsyn. Då er det spesielt viktig at intervjupersonane føle seg ivaretatt. NSD står for Norsk Samfunnsvitenskapelig Datateneste. Før eg kunne begynne å forske på valt problemstilling måtte eg sette meg inn i kva NSD seier om personvernsopplysningar. Det er NSD som skal vurdere om undersøkingssopplegget oppfyller krava til personvernet til menneska som deltek i undersøkinga, men også studentane. Mine intervjupersonar blir kategorisert i forhold til kva utdanning dei har. Alle intervjupersonane har gitt *samtykke*. Dette vil sei at alle blei informert om undersøkinga sitt overordna mål, at deltaking i undersøkinga var frivillig, og at dei kunne trekke seg når som helst. Informantane fekk også kjennskap til formålet med undersøkinga og hovudtrekka i prosjektet (Bergsland & Jærger, 2014, s. 83).

Sjølv intervjuja blei gjort via videosamtale, telefon og med heimebesøk. Eg måtte då tilpasse meg intervjupersonen og oppretthalde personvernsrettighetene, i tillegg kom også krav om 2 meter avstand og smitteverns reglar frå regjeringa. I intervjuet skriv eg det intervjupersonen sa ordrett. Etter intervjuet var ferdig gjentok eg det intervjupersonen hadde svart. Dei fekk då moglegheit til å legge til noko, eller endre svaret. Det var ingen av intervjupersonane som valte å endre svara sine, men nokre ville tilføre ting som dei hadde gløymt å sei.

4.0 Empiri

I denne delen av oppgåva skal eg presentere funna mine. Eg har intervjuja fire personar, to pedagogar og to fagarbeidarar. For å sikre anonymitet brukar eg arbeidstitel og talet 1 eller 2, til dømes pedagog 1 og fagarbeidar 2. Det som er direkte sitat frå informantane er sett med hermeteikn. Sjå vedlegg 2 for intervjuguide.

4.1 Medverknad som ytring

Alle av intervjupersonane var opptekne av korleis ein skal vere mot barna. Alle nemnde viktigheita av at barna skal bli sett og høyrte, og ikkje minst at barna har ein rett til å medverke i barnehagen. «Ser vi på barna som nokon som har noko å bidra med, som klarar sjølv, og støtte dei på dette, er vi med på å bygge opp sjølvbilete hos barna og gjev dei tru på at dei klarer mykje sjølv (Pedagog 1)». Intervjupersonane understreka også kor viktig det er å sjå etter andre måtar, enn verbalt, barna kan utrykke seg på. Dette sidan det ikkje alltid er like lett for alle barn å fortelje kva dei vil. «Barn er ulike» seier fagarbeidar 2, og det er viktig å hugse på når ein arbeidar med medverknad. Begge pedagogane fortalte også om barnesamtalar, der vaksne snakkar med barna om kva dei likar å gjere på og kva dei ynskjer meir av. Der får barna også komme med ynskjer om aktivitetar og andre interesser som ikkje er tilstade i barnehagen frå før.

For fagarbeidar 2 er viktig at barna får medverke spontant. Når barn får medverke spontant vil det føre til større sjølvfølelse av at dei har lykkast i noko. Det byggjer også vidare på det å skape trivsel og eit godt samhald. Intervjupersonane viser at dei ser på barn som subjekt. Det er tydeleg då dei synest barns medverknad er viktig og at barns interesse blir nemnt ofte. Intervjupersonane verkar også til å ha eit anerkjennande syn på barn, då dei syns det er viktig at barna si røyst blir høyrte. Dei er interessert i barna si røyst, kva barna likar å gjere og fortel korleis dei vel å handtere barna sine interesser, slik at barna føler ein gjer det beste for dei. Dette ved å ta opp ulike tema basert på barn sine interesser, samt spontane aktivitetar som kjem frå barna. Intervjupersonane er også einige i at ein ikkje kan tvinge barna til noko, men at det er viktig å motivera dei til å bli med. Dei seier vidare at det er særskilt viktig å fremje barns medverknad ved at barna ytrar sine tankar, samt at det er personalet sitt ansvar å sjå til at barna blir sett og høyrte. Slik bidreg personalet til at ytringane til barna blir tatt på alvor som medverknad.

4.2 Medverknad som deltaking og demokrati

I intervjuet viser begge pedagogane til kva som står i Rammeplanen og Barnekonvensjonen i forhold til barns medverknad. Pedagog 2 beskriv at «barns medverknad handlar om at barn skal få medverke, men det betyr ikkje at dei skal få bestemme alt». I eit fellesskap kan ikkje eit individ bestemme over alle, då blir det ikkje eit demokrati. Ein må ta omsyn til

fellesskapet, og dette er personalet sitt arbeid å sikre. Pedagog 2 forklarte vidare med eit eksempel. «Vi skulle lage eit varmt måltid, og personalet på min avdeling hadde komme fram til fire ulike rettar vi kunne lage til lunsj. I ei samlingsstund tok eg fram bilete av desse fire matrettane og kvart enkelt barn fekk stemme på retten dei hadde lyst til å lage. Til slutt var det den retten med flest stemmer som blei det varme måltidet som barna var med på å lage». Dette er eit godt eksempel på demokrati i form av avstemming. Barna kan stemme på kva dei ynskjer, og det som får mest stemmer vinn, slik som demokrati fungerer i samfunnet elles.

Fagarbeidar 2 beskriv medverknad slik; «Medverknad betyr for meg at barna er med på å påverke kvardagen i barnehagen. Ungane skal få være med å planlegge og vurdere kvardagen. Det skal også vere progresjon. Det vil sei at jo eldre barna blir, jo meir ansvar blir dei gitt». Her viser fagarbeidaren at barna skal ha rett til å meine noko, og at dei skal bli høyrte. Fagarbeidar 2 fortel vidare at ho gir barna moglegheit til å diskutere kva dei meinte om aktiviteten i ettertid. I intervjuet fortel alle intervjupersonane at barna får vere med å bestemme aktivitetar som dei skal gjere i løp av dagen. Dette er ofte gjort ved at barna har nokre faste dagar dei får lov til å ta val. Dei får då ta val i lag med dei andre barna, hjelpe til på kjøkkenet og bidra i samlingsstunda.

«Medverknad gjev erfaring på livet og gjev ungane eit godt utgangspunkt i å fremje sine ynskjer og sine meiningar. Medverknad gir kvalitet. Eit prosjekt som blir gjennomført av barn og vaksne med same interesse er ein oppskrift på magi» seier fagarbeidar 2. Her gir intervjupersonen sitt personlege syn på kva barns medverknad er i forhold til kva betyding det har for barnehagen og samfunnet generelt. Når barna får medverke føler dei seg meir respektert, og kjem i betre kontakt med dei vaksne. Barna si deltaking vil ha ein positiv innverknad på fellesskapet i barnehagen.

4.3 Barn sin rett til medverknad og medråderett

Pedagog 2 fortel at barna nokre gongar må få erfare korleis det går dersom dei sjølv skal bestemme i situasjonar der det ikkje er hensiktsmessig at dei skal medverke. Dette for å vise at det ikkje alltid er ein god ide at barn bestemmer i alle situasjonar, men at deira meining betyr noko uansett. Pedagog 1 fortel barna fekk vere med å planlegge karnevalet dei hadde i

februar. Dei eldste fekk vere med på å velje kva mat, aktivitetar og leikar som skulle vere den dagen, og dei var også medansvarlege i eit trylleshow som dei ville ha. På denne måten fekk barna vere med å medverke og ha ein subjektiv meining om aktiviteten.

Intervjupersonane fortel også at det er ikkje alltid barn har lyst til å vere med på aktivitetar, og dette viser intervjupersonane at dei respektera. Dei fortel også at det er viktig å oppmuntre og motivere barna til å vere med. Dersom dei framleis ikkje ville vere med fortel dei barnet kvifor dei gjer aktiviteten, og at det hadde vore kjekt om dei ynskja å delta. Her vise dei at barna er ynskja inn i aktiviteten, men at dei fortsatt har valet til å bestemme sjølv. Pedagog 1 fortel at medverknad er viktig då det er med på å bygge sjølvbiletet til barna. Det gjer til at barnet tørr å komme med sine meiningar om barnehagen og aktivitetar til personalet, og barnet for oppleve at han har sin eigen subjektive meining og røyst.

Pedagog 2 seier følgande om korleis barn sin medverknad påverkar barnehagen; «Eg trur at barnegrupper der barna får vere med å medverke på innhaldet i barnehagekvardagen er meir harmoniske enn grupper der dei vaksne har planlagt og bestemt alt. Eg trur også at du får barnegrupper som er meir interessert i å delta og arbeide med det som vaksne legg til rette for når barna sjølve har vore med å bestemt kva som skal skje». Dette gjer til at barna får ei forståing av at dei har rett til å utrykke si meining om det som skal skje i barnehagen kvardagen. Vidare får eg også ein refleksjon av pedagog 1 som stiller spørsmålet «Korleis ville eg ha opplevd dette dersom nokon sa eller gjorde dette mot meg?». Her fortel pedagogen vidare korleis dette ville vore dersom vaksne overstyrte kvarandre.

Intervjupersonane viser god refleksjon ovanfor medverknad som eit samansett tema og viser at dei sjølv greier å sette seg inn i barna sin situasjon. Dette kan skape meir kontakt og kunnskap om barna som eigne individ.

4.4 Vaksne sitt ansvar for barns medverknad i barnehagen

I intervju forklarte alle intervjupersonane om deira forhold til barns medverknad og det ansvaret dei har som vaksne. Frå Pedagog 2 fekk eg dette svaret; «Eg tenkjer at det er viktig at dei vaksne forstår ansvaret dei har for barna i barnehagen, men at den skal være planlagt og organisert ut i frå barnet sitt best, barn sin medverknad og barnet sine behov». Her viser

pedagogen at han/ho ser på barnet som eit subjekt, som tenkjer og meiner sjølv, og at barnet skal vere ein aktiv deltakar, men at det er dei vaksne sin jobb å drive barnehagen.

Intervjupersonane fortel at det er særst viktig å opptre som ein ansvarleg, støttande og tillitsfull vaksen. I rolla som vaksenperson har ein mykje ansvar, og det er viktig å ikkje miste tilliten. Ein må alltid følgje opp barna og vere villig til å fornye tankemåten sin. Sjølv om vaksne skal ha kontroll har vi i intervjuet snakka mykje om korleis det er å miste kontrollen. Då snakka ein ikkje om å miste kontroll over barna sin tryggleik, men å la barna leie. Vaksne treng å miste kontrollen for å kunne ha betre kontroll. Dette gjer til at barna får utforske seg sjølv, skape sjølv og gjere meir ut av situasjonen, enn kva vaksne ville gjort. Barn har eit ope sinn og har ikkje fått dei «avgrensingane» som vaksne har. Fagarbeidar 1 presiserte også at ein må gå ut frå rammeplanen sine retningslinjer om at ein ikkje skal overlata barn i ansvarsposisjonar dei ikkje kan takle. Vaksne skal vere der for å hjelpe og støtte barn i vala sine, men dei skal ikkje trekke over grensa der barn sin medverknad blir til medråderett.

Det er også viktig å hjelpe barnet når dei har behov. Det kan vere at barnet slit med å utrykke seg eller utføre daglegdagse gjeremål. Barn sin naturlege tankemåte vil alltid vere å støtte seg til vaksne når dei treng hjelp. På spørsmålet «Føler du eit ansvar når det kjem til barns medverknad?» svarte fagarbeidar 2. «Eg er med i det hjulet som driv barnehagen. Eg er ein av hjulmutterane som gjer til at hjulet heng fast og går rundt. Eg kjenner at vi er dei som står i frontlinja for at ungene skal bli høyrte og gjennomført. Så ja, eg har eit stort ansvar for at barn får medverke». Her erkjenne fagarbeidaren si rolle som vaksen i barnehagen, og viser viktigheita av sin eigen rolle for barns rett til å medverknad.

Fagarbeidar 1 fortel at mykje har skjedd på dei 30 åra som han/ho har arbeidd i barnehage. «Det er mykje meir fokus på at barna skal få medverke i kvardagen no. Medverknad var nesten ikkje eit tema for 20 år sidan. Vaksne må i større grad ta barna si meining inn i kvardagen i planlegging og aktivitetar». Intervjupersonane har alle snakka om at vi må vere observante ovanfor barns uttrykk, og at det er vi som vaksne som bestemmer om, når og til kva tid barn får medverke. Eg tolkar svarea deira som at vaksenrolla er viktig i arbeidet mot fremjing av barns medverknad. Intervjupersonane kjenner godt kva lova seier om at barna skal få medverke i sin kvardag, sjølv om dette kan vere krevjande for dei yngste barna, fortel

fagarbeidar 1. Det er også eit faktum at kunnskapen og personen sine subjektive meiningar avgjer korleis medverknad blir utført i praksis.

I samtalane viser intervjupersonane at dei er samkjørde om korleis barn sin rett til medverknad skal tolkast. Alle viser til at barn har rett til å ytre seg om kva barnehagen skal innehalde, og at dette vil føre til betre deltaking av barna. Demokrati og fellesskap er viktig i barnehagen då det ikkje er berre barna eller vaksne som bestemmer, men at dei skal gjere det saman. Intervjupersonane viser også at dei forstår viktigheita av si rolle som vaksen i barnehagen, og at det er deira oppgåve å implementere barns rett til medverknad inn i barnehagen ved å vere bevisst på barna sine ulike uttrykk.

5.0 Drøfting

Forståinga av barn sin medverknad vil vere med å påverke korleis ein arbeider med dette i praksis. Intervjupersonane viser at dei kjenner innhaldet i FNs barnekonvensjon, Barnehagelova og Rammeplanen om at ein skal sikre barn sin medverknad, og at det er barna sin rett å vere aktive deltakar i sin eigen kvardag. Jansen (2019) skriv at når barna medverkar, så er det ei demokratisk deltaking. Det handlar ikkje om å la barna bestemme, men at medverknad er ein del av kvardagen og at barna får påverke den. I empirien kan eg sjå at dette utsagnet stemmer. Alle intervjupersonane viser at dei har ei felles forståing av omgrepet barn sin rett til medverknad i form av si eiga rolle i barnehagen, og forklarar at det er noko dei jamleg arbeider med. Oftast i grupper på ulike møter og kurs, og diskusjonar i kvardagen. I intervjuet kom det også fram at personalet gir barna val, og slik kan barna fritt velje mellom eit utval aktivitetar eller andre handlingar. Dette er ei form for medråderett. Barna får ikkje vere fullt så delaktige i avgjersler, men dei kan ta små val som ikkje gir stor innverknad på barnehagedagen. Likevel fortel intervjupersonane «medverknad er barna sin måte å bidra til korleis deira barnehagekvardag skal sjå ut». Årsaka til at medverknad er vanskeleg i praksis er at verken rammeplanen, eller barnehagelova konkret definerer omgrepet medverknad. Ingen inneheld dømer for korleis medverknad skal ta form i daglegdagse situasjonar som ein kan kjenne seg att i. Dette gjer at barnehagepersonalet sjølv må sette medverknad til verks i praksis. Det kan vere utfordrande når dei ikkje har noko konkret å samanlikne det med. Derfor er det sær viktig at barnehagen har fokus på tolkinga

av omgrepet i lag. Slik kan dei diskutere og reflektere over andre, og sine egne tolkingar av barn sin rett til medverknad. Dette kan vere med på å skape ei betre felles forståing på medverknad i praksis.

Fagarbeidar 2 skildrar medverknad slik: «Medverknad gjev erfaring på livet og gjev ungane eit godt utgangspunkt i å fremje sine ynskjer og sine meiningar». Her blir medverknad skildra som meir enn rett, heller ein grunnleggande del av livet. Barna skal vekse opp og då er det særdeles viktig at dei kjenner til retten til å ytre sine egne meiningar. Ved medverknad skal ein arbeide for at barn skal bli trygge individ, samt at dei er deltakande i eige liv. Bjerke (2013) seier dette om demokrati; Demokrati er moglegheita til å skape rom for alle si meining og sjå alle sine innspel som verdifulle, og ikkje nødvendigvis at ein skal finne ut fleirtalet si meining (Bjerke, 2013, s. 193). Dette tolkar eg som at vi må invitere barna inn i kvardagen vår ved å høyre på kva meiningar dei har i ulike situasjonar som omhandlar dei sjølve og kvardagen i barnehagen. Ser ein på medverknad som omgrep kan ein dele det opp; til å «ta del i verknaden». Å ta del i verknaden kan då enklare vise til at ein får ta del i samfunnet, eller barnehagen. Derfor blir barns medverknad ofte samanlikna med demokrati. Ein demokratisk praksis inneber å møte barn i kvardagen som fullverdige og likeverdige aktørar, der barn si deltaking og innflytelse blir lagt vekt på utan å måle kompetanse eller resultat (Jansen, 2019, s. 26). Med eit fleksibelt miljø og demokratisk praksis vil barna enklare kunne sei meiningane sin til vaksne. Barna vil då føle at dei vaksne tar dei på alvor og at meiningane deira betyr noko.

Å sjå barn som subjekt, som har egne meiningar og verdiar, er mykje av det medverknad handlar om. Å anerkjenne barn som likeverdige subjekt betyr ikkje at ein kvar oppfatning om verkelegheita er sann, men at barn har krav på å bli tatt på alvor med sine opplevingar og oppfatningar (Østrem, 2012, s. 83). Som Bae (2006) skriv handlar medverknad om å gi rom – både fysisk og psykisk – for å uttrykke seg og virke/handle saman med andre. Barn sin medverknad er veldig viktig i barns oppvekst då barna kan få stor innverknad i sitt liv. Deira interesser kan bli dyrka og dei kan bli betre på det dei allereie er god på, og samtidig lære om ting dei ikkje kunne frå før. Pedagog 2 fortel at dei sikrar barna sin innflytelse på det som skjer i barnehagen med mellom anna ha barnemøter. Her er ideen at barna har hovudansvaret, men at dei vaksne er med på å rettleie ved behov. Mitt syn er at

intervjupersonane alle ganske lik forståing av kva barns medverknad er. Fagarbeidar 2 skriv «Barn som opplev at det som dei har bestemt blir gjennomført, skjønner at dei vaksne har sett og høyrte på dei. Tilliten veks og barnet kjenner seg inkludert». Med dette tolkar eg at barna må få oppleve at dei er medmenneske. Dei skal bli høyrte og sett, og det som blir uttrykt skal bli sett til verks i lag med vaksne. Intervjupersonane uttrykke at dei ynskjer at barna skal få vere meir delaktige i eigen kvardag. Eide & Winger skriv om det «kompetente barnet» i temaheftet frå 2006 som omhandlar barn sin medverknad. Her skriv dei at forståinga av barn som kompetente individ fungerer som ein bevisstgjerung av at barn har ressursar og genuine veremåtar som vaksne i vår ansvars- og maktposisjon kanskje ikkje har vore opne for i det daglege møte med barna (Bae, Eide, Winger, & Kristoffersen, 2006, ss. 32-33). Dette tilseier at vaksne ikkje alltid har vore bevisste på barn sine ressursar.

I Kina erfarte eg at barnehagepersonlet har komme vidare frå utalelsen som Eide & Winger skildrar. Eg observerte at barna tok aktivt del i planlegging og i utforming av aktivitetar. Der brukte dei barna sin genuine veremåte og kreativitet ved å spørje dei om korleis ein kan utføre aktiviteten. I forkant av aktiviteten skulle barna diskutere påstandar om eit eksperiment, og så summere aktiviteten etter dei hadde gjennomføre den. Eit døme frå praksis er bygging av den kinesiske mur i treklossar. Her planla barna i lag korleis dei skulle konstruere muren og finne best mogleg måte å løyse dette på. Barnehagepersonalet var medhjelparar dersom barna stod fast eller trengte innspel. Dette ikkje for å rettleie, men ved å stille barna spørsmål slik barna sjølv kunne reflektere over korleis dei skulle løyse oppgåva. Når barn får svare på meir reflekterte spørsmål kan barna vise eigne ressursar og sin genuine tenkemåte. Slik kan dei vaksne lære av barna sitt tankesett. Eit vilkår er å anerkjenne barn som likeverdige, med evne til å skape mening, til å lære og til å kommunisere (Jansen, 2019, s. 35). Med pedagogisk dokumentasjon kan barna også oppleve aktiviteten på nytt. Kristoffersen (2006) skriv at pedagogisk dokumentasjon handlar om å sjå og begripe kva som forgår i det pedagogiske arbeidet, og kva barna er i stand til utan at ein har fastlagte rammer i form av forventingar eller normer. Dokumentasjonen gir barna moglegheit til å hugse situasjonen, eller aktiviteten. Barna får hjelp til å hugse, og får ein distanse og ein refleksjon rundt sitt eige arbeid. «Når det blir vist dokumentasjon fra enkeltbarn eller en gruppe barn, får det enkelte barnet se sitt «fingeravtrykk» i andres arbeid, og se hvordan det har bidratt til fellesskapet (Bae, Eide, Winger, & Kristoffersen, 2006, s. 62)». Dette gjeld også pedagogisk

planar. Når pedagogen bruker tid på å skrive planar og understreke viktigheita med medverknad, blir dette lettare for dei tilsette og ein blir meir medvitne på sine egne holdningar og val.

Når barna opplever at det dei har medverka til blir gjennomført, kjenner barna at dei blir sett og høyrte av vaksne. Medverknad for vaksne er å passe på at barna blir sett og høyrte, og dette gjennom barna sine mange uttryksmåtar. Det er viktig at kvardagen reflektera dette.

Intervjupersonane nemner at dei har fokus på å ta opp tema som barna interesserer seg for. For å finne ut av kva barna interesserer seg for observerte dei barna og samtala med dei om kva interesser dei hadde. Likevel er det viktig at barn får oppretthalde den genuine spontaniteten. Då opplev barna at dei i større grad blir høyrte, og deltakinga deira blir meir «intens» enn med eit tema som varer over lenger tid. Jansen (2019) skriv dette om medverknad: «Medvirkning er knyttet til det uforesette, det spontane som skjer uten å vere planlagt eller definert, men bare når tiltalen møtast men åpenhet og ansvarlighet for personalet».

«Ser vi på barna som nokon som har noko å bidra med, som klarar sjølv, og støtte dei på dette, er vi med på å bygge opp sjølvbilete hos barna og gjev dei tru på at dei klarer mykje sjølv (Pedagog 1)». Dette er eksempel på at det er personalet som må bygge relasjonar for at barns medverknad skal lykkast. Personalet i barnehagen skal rettleie neste generasjon, og gjennom denne oppsedinga overføre verdiar, normer og tankar til barna. Dei skal også vise ulike uttrykks- og handlingsmåtar, som er eit stor ansvar. Pedersen (2008) tek også føre seg denne måten å sjå på vaksenrolla. I ei personalgruppe er det menneske med mange ulike bakgrunnar og personlegdomar. Dette kan ha innverknad på barna sin moglegheit til å medverke. Det er derfor særst viktig at barnehagen har ein felles samordna forståing for barn sin rett til medverknad. Vaksne må vere tydelege modellar og bevisst på eigen kultur og verdi. For å ivareta barnehagens oppdragsmandat må personalet erkjenne sin rolle som kulturformidlarar gjennom eigen veremåte. Dei må også vere opne for å reflektere over egne handlingar og haldningar (Pedersen, 2008, s. 64).

Dei vaksne har altså utruleg stor påverknad ovanfor barna. Pedersen (2008) skriv at det har vorte eit paradigmeskifte på synet på barn, barnehage og barndom. Synet på vaksenrolla er

også i store trekk gått frå å «ha tilsyn» til barn, til å vere ein personleg profesjonell medspelar i den livslange læringsprosessen (Pedersen, 2008, s. 63). I rammeplanen står det «barna skal ikkje overlates et ansvar de ikke er rustet til å ha (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 21)». Det negative med dette kan vere at vaksne sjølv kan definere kva som er det beste for barna, ut frå sitt eige syn. Dette kan føre til at vaksne avgrensar meir enn nødvendig, og barna får ikkje medverke slik som lova tilseier. Alle intervjupersonane er opne og fortel at det ikkje er lett å gjennomføre kvardagen slik at alle får medverke heile tida. «Det er ein kabal» seier fagarbeidar 1. Ho fortel vidare at det alltid er nokon som krev mykje merksemd frå vaksne, medan andre krev ingenting. Då er det ekstra viktig at den vaksne «ser» alle barna. I nokre barnehagar har dei teljing på kven som får gjere kva, til dømes å hjelpe til på kjøkkenet og vere ordens barn. Her tolkar eg at barna har medråderett, men at det samstundes er mogleg å få større medverknad. Dette ved at barnet og den vaksne skapar ein relasjon og den vaksne i større grad kan la barnet medverke. For å lykkast må altså pedagogane arbeide med haldningane i heile personalgruppa. Greier ikkje personalgruppa å rive seg laus frå det gamle «mønsteret» klarar dei kanskje ikkje å sjå viktigheita av barn sin medverknad, og vil dermed ikkje bli sett i fokus. Medverknad er derfor ingen teknikk eller metode, men vere det fundamentale for alt arbeidet i barnehagen (Bae, Eide, Winger, & Kristoffersen, 2006, s. 59).

Det er altså særdeles viktig å la barn medverke i eigen kvardag. Den viktigaste øvinga ein sjølv kan gjere er å stille seg spørsmålet «i kor stor grad får barna medverke?». Ved å reflektere over eigne handlingar, og kva påverknad ein har over barna, kan ein sjølv få meir forståing om barn sin medverknad. Mitt syn er at rammeplanen er ufullstendig i og med at den manglar døme på korleis ein kan praktisere barn sin rett til medverknad. Planlegging og utforming av barnehagedagen ville vore enklare og ført til ein felles, grunnleggande praksis for alle barnehagar i Norge om temaet barn sin medverknad. Dette grunna betydinga det har for barna og tilsette i barnehagen. Medverknad er essensielt, det er grunnleggande for barnehagekvardagen og reflektera samfunnet sitt demokratiske tankesett.

6.0 Avslutning

Problemstillinga mi var «Kva refleksjonar har eit utval barnehagetilsette om barn sin medverknad?». I oppgåva har eg funne teori som eg har knytt opp mot problemstillinga. Studien blei til ved intervju av fire tilsette og det var frå desse intervjuane at empirien tok form. Etter empirien har eg drøfta funne mine med teori og mine egne erfaringar.

Gjennom studien har eg hatt fokus på kva omgrepet barn sin medverknad omhandlar. I hovudfunna av studien opplever eg at forståinga av barns medverknad er eit samansett omgrep, og at det kan vere vanskeleg å arbeide med i praksis. Medverknad handlar om at barn må kunne ytre seg og dei må ha moglegheita for å kunne delta med sine meiningar i barnehagen sin kvardag. Barn skal oppleve demokrati ved at barnehagen er eit fellesskap der alle barn sine meiningar betyr noko, men at barnet som enkelt individ ikkje kan bestemme over fellesskapet. I studien har eg også funne ut at vaksenrolla har mykje å seie for i kva grad barn får medverke i barnehagen. Det er personalet sitt syn på barn, samt forståing for medverknad, som gjer det mogleg for barn å medverke. Personalet må derfor reflektera over korleis ein best mogeleg kan praktisere barna sin rett til medverknad i barnehagen og vidare arbeide med medverknad i ulike personalmøter og elles i barnehagekvardagen. Likevel er styringsdokumenta det grunneleggande for at barn sin rett til medverknad blir implementert i barnehagen sitt arbeid.

I studien har eg også funne ut at det er vanskeleg å beskrive medverknad og bruke det i konkrete eksempel i kvardagen. Det er den pedagogiske leiaren sitt ansvar å skape eit felles syn og forståing for omgrepet. Dei tilsette må kontinuerleg arbeide for å nå dette målet. Dette ved å jamleg diskutere, observere og utvikle kunnskap om barns medverknad. I ettertid av studien ser eg at barns medverknad er eit samansett omgrep. Medråderett er ofte noko som blir samanlikna med barns medverknad. Barna får bestemme, men det betyr nødvendigvis ikkje at dei medverkar. Barna skal ikkje berre føle seg inkludert i kvardagen, men dei har gjennom styringsdokumenta ein rett til å vere det. Barnet sin unike eigenverdi må bli møtt med eit ope sinn. Gjennom barnet sine tankar, meiningar og ulike uttrykksmåtar må dei få bli aktive deltakarar som får påverke i eigen kvardag. Personalet må arbeide med relasjonar, utvikle meir kunnskap om kva som gjer barnet til den det er og møte deira interesser. Det er viktig at ein trer inn i ei vaksenrolle der ein er bevisst på barnehagen sine verdiar, kva halding ein har og korleis ein som person med egne erfaringar kan utøve barns

medverknad best mogleg i kvardagen. Hos nokre barnehagar vil kanskje dette føre til endring i kvardagssituasjonar, men som resultat vil barn og vaksne få eit betre samhald og bygge betre relasjonar.

Gjennom denne studien av barn sin medverknad kan eg stadfeste at eg sit att med meir kunnskap om omgrepet. Barn får medverke i barnehagen til ulik grad, og det er dei vaksne sitt ansvar at barna får medverke i barnehagen. Eg sit også igjen med refleksjonar om korleis eg kunne gjort denne oppgåva betre. Dersom eg kunne ha intervjuet ei større gruppe og helst i ulike barnehagar, ville oppgåva resultert i eit breiare og meir fullverdig forskingsprosjekt. Kunne også ynskje at intervjuguiden hadde vore litt annleis slik at eg fekk betre refleksjonar frå intervjupersonane. Etter fullført barnehagelærerutdanning og som barnehagelærer ser eg fram til å lære meir om temaet og bruke kunnskapane mine til å diskutere og konkretisere barn sin medverknad med eksempel, sidan dette er ikkje noko rammeplanen ikkje inneheld.

Kjeldeliste

Bae, B. (2012). *Medvirkning i barnehagen- potensiale i det forutsette*. Bergen: Fagforlaget.

Bae, B., Eide, B. J., Winger, N., & Kristoffersen, A. E. (2006). *Temahefte om barns medvirkning*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

Barnehageloven. (2006, 01 01). *Lovdata*. Henta frå Lov om barnehager:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64#KAPITTEL_2

Bergsland, M. D., & Jærger, H. (2014). Bachelor oppgaven i barnehagelærer utdanningen. I

M. D. Bergsland, & H. Jærger, *Bacheloroppagven* (ss. 51-88). Oslo/Trondheim:

Cappelen Damm Akademisk.

Bjerke, L. (2013). Barns medvirkning. I Ø. (. Kvello, *Barns barnehage 1 Målsettinger, føringer og rammer for barnehagen* (ss. 187-208). Oslo: Gyldendal Akademiske .

Dalland, O. (2012). *Meotde og oppgaveskriving* . Oslo: Gyldendal Akademiske.

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving for studenter* . Oslo: Gyldendal akademisk.

Dingstad, P. (2018). Makt og medvirkning i barnehagen - en problematisering. I S. B.

Svenning, *Perspektiver på barns medvirkning i barnehagen* (ss. 102-124). Oslo:

Universitetsforlaget.

Eide, B., & Winger, N. (2018). Medvirkningens kår i dagens barnehage. I K. Wolf, & S. B.

Svenning, *Perspektiver på barns medvirkning i barnehagen* (ss. 27-41). Oslo:

Universitetsforlaget .

Franck, K., & Glaser, V. (2014). Rett til medvirkning for barn med særskilte behov. I P. Sjøvik,

En barnehage for alle (ss. 304-321). Oslo: Universitetsforlaget.

Jansen, K. E. (2013). *På sporet av medvirkning og læring*. Bergen: Fagbokforlaget.

Jansen, K. E. (2019). *Medvirkning i praksis*. Bergen: Fagbokforlaget.

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplanen for barnehagen*. Oslo: Pedlex.

Larsen, A. S. (2009, 1). Barns rett til medvirkning. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, ss. 58-66.

Løkken, G., & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen*. Oslo:

Universitetsforlaget.

Pedersen, I. M. (2008). Den personlige voksenrolle. I R. J. Pettersen, *Barnehagen i et*

tiårsperspektiv (ss. 63-72). Oslo: SEBu Forlag.

Søbstad, F. (2008). Hvor ny er egnetlig den nye rammeplanen? . I R. J. Pettersen, *Barnehagen*

i et tiårsperspektiv (ss. 25-43). Oslo: SEBU Forlag .

Svenning, B. (2009). *Hva fortelles om meg? : Barns rettigheter og muligheter til medvirkning i*

barnehagers bruk av dokumentasjon. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag.

Østrem, S. (2012). *Barnet som subjekt, Etikk demokrati og pedagogisk ansvar*. Oslo:

Cappelen Damm Akadamisk.

Vedlegg 1- Intervjuguide

Spørsmål til bachelor

I min bacheloroppgåve skal eg skrive om barn sin medverknad og kva refleksjonar barnehagepersonalet har om det. Eg lurar på om barnehagetilsette har eit ulikt syn på barn sin medverknad. Håpar du svare på spørsmåla slik som du meina det er, og ikkje korleis det er beskrive i fagbøker. Eg er ute etter meiningane dine!

Her er spørsmål eg kunne tenkt meg å spørje deg om:

1. Kan du gje eit døme på ein situasjon der born har hatt medverknad i barnehagen?
2. Synst du det er lett eller vanskeleg å la barn medverke?
3. Korleis kan ein sikre å la barn ha innflytelse på det som skjer i barnehagen?
4. Kva legger du i omgrepet medverknad?
5. Korleis kan medverknad bidra til eit betre miljø for barn og vaksne?
6. Korleis jobbar du for at barn skal få medverke i kvardagen?
7. Kva fortенeste tenkjer du at medverknad kan gi barnehagen?
8. Vaksne bestemmer mykje i barnehagen, ville du at dei skulle bestemt meir eller mindre i forhold til barn sin medverknad?
9. Føler du på eit ansvar når det kjem til barns medverknad?
10. Kva tenkjer du om evolusjonen til barnehagen med tanke på vaksenrollen?
11. Kva endringar ville du gjort med din avdeling med tanke på barns medverknad?

Praksisfortelling:

En gruppe på tre barn sitter rundt et bord og skal lage en sol som skal henges opp på avdelingen. Til det bruker de gule papptallerkener og piperensere som skal settes fast som solstråler. Den voksne lager hull til piperenserne med en maskin, og barna skal sette dem fast.

Sandra på fire år har satt piperenserne slik at de stikker ut på begge sider av hullene. Da den ansatte ser dette, tar hun solen ut av hånden på Sandra og sier: «*De skal ikke sitte slik. Det er meningen at de skal ligne solstråler*», hvorpå hun fester dem slik hun mener er riktig.

Gjerne svar på kva tankar du lagar deg om denne praksisfortellinga.

Vedlegg 2- Informasjonsskriv

Førespurnad om intervju til bacheloroppgåve

Hei,

Eg er 3. årsstudent ved Høgskulen på Vestlandet i Bergen og studerer Barnehagelærer utdanninga. I min bachelor skal eg har fokus på «barns medverknad», og min problemstilling er: Kva refleksjonar har eit utval barnehagetilsette om barn sin medverknad? Med barnehagepersonalet meina eg alle som jobbar i barnehagen; assistentar, fagarbeidarar, barnehagelærer og styrer.

Dette står i Rammeplanen for barnehagen 2017:

«Barnehagen skal ivareta barnas rett til medverking ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomheit, jf. barnehageloven § 1 og § 3, Grunnloven § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. Barna skal jamleg få mulighet til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Alle barn skal få erfare å få innflytelse på det som skjer i barnehagen.»

Forskinga eg gjer er anonym og det blir ikkje nemnt namn på personar eller barnehagar i oppgåva. Det er fullt mogeleg å trekke seg visst du finner ut at det ikkje passar eller at ein ikkje vil lenger. Det som eg vil gjere er å stille nokon spørsmål som omhandlar barn sin medverknad. Desse spørsmåla skal dei som vil la seg intervjuje få utdelt på førehand. Eg kjem ikkje til å bruke lyd opptak eller film. Det er også mogleg å svare via e-post, eller telefon visst ein ynskjer det.

Visst det er nokon spørsmål er det berre å ta kontakt med meg.

Med vennleg helsing frå

